
Saksnr: 2021/498-29
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		24.06.2021

Tilskot til vilttiltak 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 million kroner til vilttiltak fordelt slik, og på vilkår som vil gå fram av tilsegnsbrev:

Nr	Søkjjar	Tiltak	Tilskot kr
		<i>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</i>	
1	NINA	FriKalv	100 000
2	NIBIO	VESTHJORT	50 000
3	Norges Bondelag - Vestland	Forvaltning av hjort i Vestland	110 000
4	Skogkurs	NOK HJORT 2021-2025	avslag
5	Utmarksavdelinga Vest AS	Økt andel bestandsplan	85 000
6	Naturdata AS	Brukerkurs i Hjorteviltregisteret	avslag
7	Universitetet i Oslo	Bestandsestimering av hjort ved hjelp av droner	30 000
8	Alver kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	avslag
9	Austrheim kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	avslag
10	Sundvor Hjortevald	Redusert hjort - Reduserte skader 2021-2023	avslag
		<i>Lokale vilttiltak m.v.</i>	
11	NINA	Raudrev på Hardangervidda - rolla til subsidier	48 000
12	NINA	A thriving coast- otter, mink and seabirds	75 000
13	NINA	Questioning Bycatch - What is the true scale	45 000
14	NNI Resources As	Orrfugl i Vestland fylke	80 000
15	NNI Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	65 000
16	NNI Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	67 000
17	NINA	Alders- og kjønnsfordeling hos sjøender	40 000
18	NINA	Bruk av drone til kartlegging av ærfugl	avslag
19	Bergen kommune	Vilt i og ved vann i Bergen kommune	avslag
20	NJFF Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	50 000
21	NJFF Sogn og Fjordane	Human Jakt	95 000

22	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	40 000
23	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	20 000
24	Universitetet i Sørøst Norge	Fjellets ressursgrunnlag 2021	avslag
Sum vilttiltak (kr)			1 000 000

Samandrag

Saka gjeld fordeling av tilskot til viltformål i 2021 under den statlege tilskotsordninga *Tilskot til viltformål* (Kap. 1140 post 71). Midlane under posten er retta mot auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av dei haustbare viltressursane, og skal dekke lokale og regionale tiltak. Frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og enkeltpersonar kan søkje om tilskot. Fylkeskommunen har i år fått 1 million kr til fordeling. Det har kome 24 søknader som er vurdert å falle inn under tilskotsordninga. Samla omsøkt tilskot frå Vestland fylkeskommune i 2021 er på nær 1,8 millionar kr. For søknadvurderingar, sjå vedlegg 1.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknadvurderingar
2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, med visse unntak. Ei av oppgåvene er å fordele tilskot til viltformål under den statlege tilskotsordninga *Tilskot til viltformål* (Kap. 1140 post 71). Tilskotsordninga skal bidra til ei forvaltning som fremjar eit haustingsverdig overskot av viltet. Tilsvarende sak i 2020 vart behandla på møtet i Hovudutval for næring 14. mai, (sak PS 34/20).

Søknader i 2021

Det er vist oversikt over søknader om tilskot til viltformål i 2021 i tabell 1. Det er omtale og vurdering av den enkelte søknad i vedlegg 1.

Tabell 1: Søknader om tilskot til viltformål i 2021. Kolonner til høgre viser total kostnad for det enkelte tiltak/prosjekt i 2021, omsøkt og føreslått tilskot frå Vestland fylkeskommune. For fleirårige prosjekt er det ført opp tal, eller omtrentlege tal for 2021.

Nr	Søkjjar	Tiltak	Total kostnad 2021	Søkt Vlfk	Tilskot forslag
		Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr			
1	NINA	FriKalv	137 500	100 000	100 000
2	NIBIO	VESTHJORT	992 492	50 000	50 000
3	Norges Bondelag	Forvaltning av hjort i Vestland	156 800	109 760	110 000
4	Skogkurs	NOK HJORT 2021-2025	1 020 000	200 000	avslag
5	Utmarksavdelinga V.	Økt andel bestandsplan	200 000	85 000	85 000
6	Naturdata AS	Brukerkurs i Hjorteviltregisteret	510 000	50 000	avslag
7	Universitetet i Oslo	Bestandsestimering av hjort ved hjelp av droner	115 000	30 000	30 000
8	Alver kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	76 500	51 500	avslag
9	Austrheim kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort	30 500	20 500	avslag
10	Sundvor Hjortevald	Redusert hjort - Reduserte skader 2021-2023	100 000	30 000	avslag
		Lokale vilttiltak m.v.			
11	NINA	Raudrev på Hardangervidda - rolla til subsidier	254 000	48 000	48 000
12	NINA	A thriving coast- otter, mink and seabirds	919 750	100 000	75 000
13	NINA	Questioning Bycatch - What is the true scale	768 250	80 000	45 000
14	NNI Resources As	Orrfugl i Vestland fylke	142 000	97 000	80 000
15	NNI Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	104 000	74 000	65 000
16	NNI Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	77 000	67 000	67 000
17	NINA	Alders- og kjønnsfordeling hos sjøender	637 500	44 000	40 000
18	NINA	Bruk av drone til kartlegging av ærfugl	358 525	238 525	avslag
19	Bergen kommune	Vilt i og ved vann i Bergen kommune	60 000	60 000	avslag
20	NJFF Sogn og Fj.	Modell for småviltforvaltning	100 000	50 000	50 000
21	NJFF Sogn og Fj.	Human Jakt	270 000	95 000	95 000
22	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	175 900	44 900	40 000
23	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	55 000	20 000	20 000
24	Univ. SØ Norge	Fjellets ressursgrunnlag 2021	340 000	50 000	avslag
Sum hjortevilttiltak (kr)			3 338 792	726 760	375 000
Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)			4 261 925	1 068 425	625 000
Sum alle tiltak (kr)			7 600 717	1 795 185	1 000 000

Søknadsfristen var 15. januar. Fylkeskommunen har i år fått 1 million kr til fordeling, i overføringsbrev frå Miljødirektoratet 18.03.2021. Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet.

Tildelingskriterium

Midlane under denne statlege tilskotsposten (Kap. 1140 post 71 Tilskot til viltformål) er retta mot auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av dei haustbare viltressursane. Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av vilt, og til å ta vare på produktiviteten og mangfaldet i naturen regionalt og nasjonalt. Dette omfattar tiltak knytt til forvaltning av haustbart hjortevilt, for fylkeskommunen elg, hjort og rådyr. Dette gjeld særleg tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar og andre. Tiltaka som blir sette i verk, skal gje betre kunnskap om artar og bestandar og korleis dei kan haustast på beste måten. Det kan gjevast tilskot innanfor område som jakt og jaktmoglegheiter, viltkartlegging, innarbeiding av leveområde for vilt og viltinteresser i kommunale

planar etter plan- og bygningslova, samarbeid om viltforvaltninga lokalt og oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Midlar under posten kan også gå til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. Sidan statsforvaltaren på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde, er det eit krav om god samordning av bruken av midlane.

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Den faktiske verknaden av tilskota kan ikkje vurderast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Etter *forskrift om tilskudd til viltformål* § 2, kan frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og enkeltpersonar få tilskot til

- a) tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst
- b) informasjon om jakt og jaktmogelegheiter
- c) kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar
- d) innarbeiding av viltet sine leveområde samt viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova
- e) oppretting og drift av lokale samarbeidsråd
- f) deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid
- g) forvaltningsretta forskning og overvaking.

Søknader om tilskot til tiltak som inngår som ein del av eit planmessig arbeid vil bli prioriterte.

Prioriteringar i Vestland fylkeskommune i 2021

Landbruks- og matdepartementet har i oppdragsbrev til fylkeskommunane for 2021, datert 13.01.2021, lista opp følgjande prioriterte oppgåver for fylkeskommunane innanfor forvaltninga av haustbare viltartar:

- Bidra til berekraftig forvaltning av haustbare viltressursar og ta omsyn til dette i arealforvaltninga.
- Utøve myndigheit i samsvar med viltlova med tilhøyrande forskrifter
- Gje kommunar, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar bistand, råd og rettleiing i saker om forvaltning av haustbare viltressursar, herunder vilthelse, og sørge for fagleg oppdatering og kompetanseheving i kommunal viltforvaltning.
- Oppfordre til bruk av Hjorteviltportalen (<https://www.hjortevilt.no/>) og bidra til at kommunane registrerer fallvilt i Hjorteviltregisteret (<https://hjorteviltregisteret.no/>).
- Arbeide for å minimere viltpåkjørslar, saman med relevante samferdselsetatar.

I oppdagsbrevet er det vist til at Regjeringa har som mål å auke verdiskapinga frå haustbare viltressursar, jf. *Handlingsplan for næringsutvikling basert på høstbare viltressurser* (2019). I oppdragsbrevet er det forventat at fylkeskommunane sitt arbeid innanfor haustbare viltressursar vert sett i samanheng med det øvrige næringsutviklingsarbeidet, og at fylkeskommunen legg til rette for eit godt samarbeid med Innovasjon Norge, Miljødirektoratet og statsforvaltaren der det er relevant.

I 2012 behandla hovudutval for plan og næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune saka «Strategi for vilt- og fiskeforvaltning» (sak 70/12). Som mål vart det vedteke at viltressursane skal vere grunnlag for eit variert jakttilbod og utvikling av næringsverksemd. For å fremje målet vart det vedteke at fylkeskommunen skulle jobbe etter tre strategiar:

- I. Styrkje kunnskapsnivået om vilt i fylket.
- II. Betre organisering av viltforvaltning på grunneigarsida.
- III. Utvikle effektive forvaltingsmodellar for vilt.

Målet og dei to første strategiane passar nok også for prioriteringane i tidlegare Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune. (Den siste strategien vert ein utfordra litt på i denne saka, i søknadane nr 3 og særleg 4 under hjortevilttiltak.)

Hjortevilttiltak (hjort, elg, rådyr)

Hjort er den klart største haustbare viltressursen i fylket. Tal felte hjortar i fylket i siste jakt sesong var på over 24 000, nesten halvparten av alle som vart felt i heile landet. Hjorteforvaltninga er omfattande og krevjande både for kommunane og den grunneigarstyrte forvaltninga. I Vestland er vi godt i gang med å få etablert bestandsforvaltning av hjort i større bestandsplanområde, som

gjerne kan ha større utstrekning enn ein kommune. Fleire kommunar har alt fått på plass eit godt forvaltningsopplegg, mens andre kommunar har meir å gjere. Nye tiltak må sjåast i samanheng med tidlegare og pågåande tiltak, og vurderast opp mot overordna føringar, ikkje minst i Hjorteviltforskrifta.

Ei av kommunen sine oppgåver er å bidra til etablering av føremålstenlege vald, bestandsplanområde og bestandsplanar. Kommune- og fylkesgrenser skal ikkje vere til hinder for å oppnå geografisk føremålstenlege vald eller bestandsplanområde. I Miljødirektoratet sin rettleiar til hjorteviltforskrifta (veileder M-478/2016) står det blant anna at kommunen skal legge til rette for og stimulere jaktrettshavarane til å planlegge ei god, målretta bestandsforvaltning gjennom utarbeiding av ein bestandsplan. Bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg. Det er i første rekke jaktrettshavarane sitt ansvar å planlegge avskytinga i samband med bestandsplanar. Slik planlegging kan vere eit resultat av ein dialog mellom privat og offentleg sektor då det er knytt både private og offentlege interesser til hjortevilt.

Spesielt har dei to GPS-merkeprosjekta «Hjortemerkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn» (2006-2011) og ikkje minst «Hordahjortprosjektet» (2008-2013) gitt betre kunnskap om årsleveområde og sesongtrekk til hjort. I tillegg pågår no GPS-merkeprosjektet «VESTHJORT» (2019-2023) i kommunane Gloppen og Stad og fem tilgrensande kommunar i Møre og Romsdal. Som oppfølgjande tiltak for å motivere til etablering av føremålstenlege bestandsplanområde for hjort, har prosjektet «Forvaltning av hjortebestand» (2013-2018) blitt gjennomført, i regi av dåverande Vestskog si utmarksavdeling. Prosjektet, til vel 9 millionar kr, vart gjennomført i området frå nord i Rogaland til søre delar av Møre og Romsdal. Blant søknadane i år er det fleire prosjekt for å støtte opp under gjeståande arbeid med å få etablert føremålstenlege bestandsplanområde for hjort.

Utbrotta av smittsam skrantesjuke (CWD) på villrein i Nordfjella villreinområde sone 1 i 2016 og på Hardangervidda i jakta i 2020, har blant anna ført til oppmoding frå Miljødirektoratet og Mattilsynet om kraftig reduksjonsavskyting på hjort og elg i tilgrensande område. Skulle sjukdommen spreie seg til hjort og elg vil det bli ein heilt annan forvaltningssituasjon for desse artane. I åra 2010-2020 har det vore prioritert på hjortetiltak i Vestland.

Vurdering av søknadane

Den enkelte søknad er omtalt og vurdert i vedlegg 1. Blant søknadane er det både eittårige og fleirårige prosjekt. Som hovudregel vert det gitt årlege tilskot til prosjekt, også fleirårige prosjekt. Det betyr at fleirårige prosjekt/tiltak som hovudregel må søkje om tilskot kvart år, oftast etter årleg framdriftsrapport. Dersom eit fleirårig prosjekt/tiltak har fått tilskot, vil prosjektet gjerne bli prioritert så lenge det utviklar seg som føreset og storleiken på tilskotspotten held seg. Tilskotspotten i år er som i fjor.

I enkelte prosjekt utgjer tilskotet frå fylkeskommunen berre ein mindre del av den totale finansieringa. Slike tilskot kan likevel vere viktig for å få gjennomført større «spleiselags-prosjekt».

Som nemnt har regjeringa som mål å auke verdiskapinga frå haustbare viltressursar, og tilskot kan omfatte tilrettelegging for verdiskaping, jf. forskrift om tilskot til viltformål, samt at det er forventa at fylkeskommunane sitt arbeid innanfor haustbare viltressursar vert sett i samanheng med det øvrige næringsutviklingsarbeidet. Det kan i den samanheng nemnast at Vestland fylkeskommune, under tilskotsordninga «Tilskot til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket 2021», har gitt tilsegn om tilskot på kr 195 000 til Norsk Hjortesenter til å utvikle samhandlingsprogram for viltkjøttneringa i leiande mat- og viltkjøttregionar (Vestland, Innlandet og Trøndelag). Formålet med prosjektet er blant anna å etablere eit nettverk for aktørar i viltkjøttneringa innanfor området.

Skulle ein hatt høgare prioritet på hjortetiltak i søknadane i år, måtte det i tilfelle blitt satsing på prosjektet i søknad nr 4 (NOK HJORT), men dette ville i tilfelle medført ein ny forvaltningsmodell som ikkje har vore nærare diskutert.

Av andre omsøkte vilttiltak enn hjortetiltak, inngår det mykje forskjellig som er føreslått støtta i saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har avgjerdsmynde til å fordele tilskot i saka, jf. reglement for utvalet, punkt nr. 3, der utvalet har avgjerdsmynde til å gjere fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål. Tilskotsordninga til viltformål omfattar også næringsføremål.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen er for 2021 tildelt 1 million kr frå Miljødirektoratet til vidare fordeling.

Klima: Omsøkte tiltak vil ikkje ha negativ verknad for klima.

Folkehelse: Tiltak t.d. med tilrettelegging for jaktbasert friluftsliv vil vere positivt for folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Føreslåtte tiltak i saka er meint å bidra til berekraftig utvikling i Vestland, som er vektlagt i utviklingsplanen.

Naturmangfaldlova: Når eit forvaltningsorgan tildeler tilskot som vedkjem naturmangfaldet, seier naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøving av den offentlege myndigheita. Alle tiltaka som er vurdert i saka er vurdert å ha positiv verknad for naturmangfaldet, ved å bidra til berekraftig forvaltning. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) for å gjere vedtak i saka er vurdert som godt nok.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at tildelte midlar til vilttiltak vert fordelt slik det går fram av tabellen i forslag til vedtak.